

ÅRSMELDING FOR STEDJE SOKNERÅD 2013

Soknerådet

Soknerådet var i 2013 sett saman slik:

Per Jarle Sætre (leiar til 1. november, etter det nestleiar), Ove Bukholm (nestleiar til 1. november, etter det leiar), Stein Bondevik (skrivar), Karstein Bergheim, Bård Haukedal (til 1. oktober), Anny Uglum Reppen, Grete Tubbene, Gitte Th.Torstad og Gunnar Yttri.

Varamedlemar: Birgit Ingeborg K. Johnsen, Ester Nordheim, Rolf Arvid Leirdal, Ingrid Monsen og Guri England.

I 2013 har soknerådet hatt 11 møte og handsama 64 saker.

Årsmøtet i 2013 vart halde på Stedjetunet 11. april kl 18.

Gudstenester

I dette året har det vore 45 gudstenester på søndag/heilagdag og 9 utanom (2 skulegudstenester, 3 andaktar m/nattverd på Sogndal omsorgssenter og 4 andaktar m/nattverd i Leighota). (47 gudstenester + 2 skulegudstenester i 2012).

Samla tal på deltakarar ved dei 54 gudstenestene var 6741, i gjennomsnitt 125 deltakarar pr. gudsteneste (5528 deltakarar, 113 deltakarar pr. gudsteneste i 2012).

47 vart døypte her i soknet (57 i 2012).

Det har vore 5 (4) vigslar og 31 (27) gravferder.

44 (60) vart konfirmerte i mai.

Innsamlingar

I alt vart det gitt kr. 137. 210 (kr. 126.456 i 2012) i offer under gudstenestene. Av dette var kr. 81.623 til kyrkjelydsarbeidet (kr. 69.665 i 2012). Ved fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp - arrangert av soknerådet og konfirmantane den 19. mars - vart det samla inn i alt kr. 68.663 (kr. 60.187 i 2012).

Aktuelle saker / arrangement i soknerådet i 2013

a. Konsert med gospelkoret *Respons*

24. juni kl 20.00 - konsert med gospelkoret Respons i samarbeid med Sogndal indremisjon (Sim). Mykje folk til kyrkje på ein fin konsert. Omlag kr. 7000,- i overskot vart delt mellom Sim og kyrkja. Pengane skal gå til ungdomsarbeid.

b. Open kyrkje om sommaren

Kyrkja var open i sommar frå kl. 09 til kl. 21 i tida 24. juni til 18. august. Kyrkja vart låst opp av tilsette på kyrkjekontoret om morgonen, og medlemmer i soknerådet låste kyrkja om kvelden. Det har

vore særers positivt. Mange turistar, tilreisande og bygdefolk har sett pris på å koma inn i kyrkja, sjå seg om, og kunna sitja litt i fred og ro. Stedje sokneråd ynskjer å fortsetja med denne ordninga til sommaren.

c. Kyrkjelydstur til Framfjorden og Vik

Laurdag 17. august var det tur for eldre til Framfjorden og Vik med støtte frå Jensenlegatet. I alt deltok 46 personar på turen med Vidar Læg Reid som dyktig sjåfør og ein svært flink forteljar! Middag og blautkake servert i kyrkjestova i Vik. Turen avslutta på Leikanger med historietime om kyrkja ved Kjell Sæter, og omvising i prestegardshagen.

d. Innsetjing av ny prost

Kjetil Netland vart innsett som prost på gudstenesta i Stedje 25. august. Mange prestar frå prostiet deltok, og biskop Halvor Nordhaug stod for innsetjinga. Prostiet har vore utan fast prost i 2,5 år, så dette var svært etterlengta. Etterpå kyrkjekaffi på Stedjetunet.

e. Avskilsgudsteneste og kyrkjelydsfest for Bård Haukedal

Bård Haukedal slutta som sokneprest i haust, og det vart arrangert avskilsgudsteneste og kyrkjelydsfest 29. september. Bård var svært godt likt som prest og mange i bygda saknar han. Mange møtte opp på festen på Sogndal Hotell. Gunnar Yttri leia festen, det var song, talar, gåver og kaker.

f. Salmekveld - Elias Blix

Kjell Sæter og soknerådet arrangerte salmekveld med Elias Blix-salmar den 27. oktober. Odd Njøs fortalde om livet og diktinga til Blix, og Kari Malmanger framførte fleire Blix-salmar. Tordis Randmo, Marit Ellingsen og Stein Bondevik fortalde kort om Blix-salmar som betyr og har betydd mykje for dei. Særers vellukka kveld. Soknerådet ynskjer å arrangera fleire slike salmekveldar eller temakveldar i kyrkja. Me ynskjer at kyrkja oftare vert teken i bruk, også på denne måten.

g. Kyrkjekaffi bak i kyrkja to gonger i halvåret

Soknerådet har vedteke at kyrkjekaffien skal serverast bak i kyrkja eller på kyrkjebakken 4 gonger i året. Me ser at det er lettare å stoppa til kaffi etter gudstenesta når den vert servert på kyrkjebakken eller i kyrkja. Framleis vert kyrkjekaffien til vanleg servert på Stedjetunet.

h. Kyrkjelydshytta

Det er søkt Eckbos legat etter midlar til brønnboring og røyrleggjararbeid slik at ein kan få lagt inn vatn på kyrkjelydshytta. Det er òg søkt Gjensidigestiftinga om midlar til prosjektering.

i. Ny salmebok

Soknerådet går inn for at kyrkjelyden tek i bruk den nye salmeboka – *Norsk salmebok 2013* - frå hausten 2014. Denne saka skal avgjerast av årsmøtet i kyrkjelyden.

Andre aktivitetar i soknerådet

- Arrangerte fasteaksjonen 19/3 saman med konfirmantane med foreldre.
- Kyrkjekaffi til samtalegudsteneste den 21/4.
- Dugnad på kyrkjegarden 25/4.
- Kyrkjekaffi til gudsteneste med presentasjon av nye konfirmantar 8/9.

Anna arbeid i kyrkjelyden

Stedje sokn har laga ein trusopplæringsplan som vart godkjent av biskopen i 2012. Han omtalte planane våre som svært gode. Planen gjer greie for gjennomføring av ulike alderstilpassa tiltak og konkrete læringsmål innan områda «Kyrkja si tru og tradisjon», «Livstolking og livsmeistring» og «Kristen tru i praksis». Den følgjande opplistinga under når det gjeld barne og ungdomsarbeid føl i stor grad planen.

a. Dåpsopplæring / barnearbeid

0-1 år

Velkomen til dåp. Det vert halde dåpssamtale med alle som har dåp i kyrkja (uavhengig av alder). Då får foreldra heftet: "Nu lukker seg mitt øye" og ein CD med dei same songane og bønene. På dåpsdagen får alle dåpsborna eit dåpslys. Tanken er å brenne lyset kvar dåpsdag for å minnst det som hende i dåpen. Dei får òg ein dåpsklut og eit kort frå kyrkjeringen.

Babysong. I kapellet på Stedje, på onsdagsføremiddagar, har det vore babysong, ein aktivitet som er tilrettelagt for foreldre og born i samklang. Trusopplærar og organist leiar samlingane. I 2013 har det vore 20 samlingar.

1-3 år

1-2-3 Småtrolltrall. Om lag annankvar veke har det vorte arrangert songstund for dei borna som er for store til babysong. Det skjer på ettermiddagar med tanke på at mange foreldre ikkje har høve til å følgja borna som er større enn eitt år til aktivitetar på dagtid. *Småtrolltrall* vert leia av Guri Høstaker Nordheim. I alt har det vore 16 samlingar.

4 år

Fireåringane får bok. Fireåringane i soknet (50) fekk invitasjon til å motta Mi kyrkjebok 4 med arbeidshefte og 2 CD'ar – 28 valde å møta til gudsteneste – ei om hausten (18) og ei om våren (10). Dette er ei rimeleg god oppslutnad. I forkant av desse utdelingane var 4-åringane inviterte saman med familien og fadrar til ein "undringstime" i kyrkja, der målet var at 4-åringane skulle verte kjende og trygge i kyrkja, og å lære om dåpen. I alt møtte 28 fireåringar på denne undringstimen.

5 år og oppover

Sprell levande gudstenester. I 2013 har me hatt to "sprell levande" gudstenester der søndagsskulane og konfirmantane deltok. Det vart flotte gudstenester der borna vart aktivisert på ulikt vis med mellom anna å teikna bøner på eit langt gråpapir som vart rulla ut i midtgangen.

6 år og oppover

Barnegospelen. Barnegospelen vert drive i samarbeid mellom tilsette i kyrkja og frivillige frå Sogndal Indremisjonsforsamling (Sim) i deira lokale på Granden. Hausten 2013 hadde Barnegospelen rundt 40 skrivne medlemmer i alderen 6-10 år som møttest kvar veke gjennom mestedelen av skuleåret.

Barnegospelen vert leia av Ingar Husum og Jan Ingar Nordheim (Sim) og Kjell Olav Høstaker Nordheim (ungdomsprest).

8 år

Tårnagenthelg. Tårnagenthelg er eit fellestiltak for åtteåringane i alle fem sokna. Det var planlagt Tårnagenthelg i Stedje kyrkje i 2013, men av praktiske årsaker vart dette utsett. Planen er å invitera to årsklassar til Tårnagenthelg i 2014.

11 år

5.klassingane fekk nytestamentet. På såmannssøndagen er det tradisjon at 11-åringane får eit nytestamente. 32 av 51 elleveåringar kom til gudsteneste og fekk nytestamentet.

Livets skattekiste. Dette er eit opplegg som gir 11-åringane eit høve til å gå inn i besteforeldregenerasjonen si barndomsverd. To seniorar, Hjalmar Husum og Marit Ellingsen hadde saman med trusopplærar ansvar for samlinga på Stedjetunet med avslutning i kyrkja. Av 50 inviterte 11-åringar møtte 21.

11-13 år

Pangstartleiren. Pangstart er ein leir for 11-13-åringar i sommarferien. Den er på Lyngmo og er eit samarbeid mellom kyrkja i Sogndal og Luster. Leiren skal arrangerast også i 2014. Av 167 i målgruppa møtte berre fire frå Stedje sokn. Dette kanskje på grunn av at Tine fotballskule gjekk samtidig. I år skal det vera mogleg å delta på begge deler.

Søndagsskular. Det var tre søndagsskular i soknet; Stedje søndagsskule (v/Stein Bondevik, Gudrun Skjerdal og Åse Storegjerdet) med 2 (13) innskrivne born, Notsete søndagsskule (v/Ester og Leif Arne Nordheim) med 21 (18) innskrivne born og Gjesthaugen søndagsskule (v/Inghild Orrestad og Jorunn Hilleren) med 13 (25) innskrivne born. Søndagsskulen på Stedje har hatt pause sidan juli 2013 fordi det ikkje er born som ynskjer å vera med lenger.

Samarbeid med barnehagar. Det er eit godt samarbeid med fleire av barnehagane i kommunen. Stedje barnehage deltok på hausttakkefesten og saman med Notsete- og Kjørnes barnehage hadde dei adventssamling før jul i kyrkja. Det er også tradisjon at Kyrkjebakken barnehage var i kyrkja og pynta juletreet med englar dei hadde laga i barnehagen.

b. Konfirmantarbeid (hausten 2012-våren 2013)

Våren 2013 vart 44 ungdomar konfirmerte i Stedje kyrkje. Av dei 42 døypte (fødde i 1998), med bustadadresse i soknet, melde alle seg til konfirmantundervisning, i tillegg til to som vart døypte før konfirmasjonen. Konfirmantundervisninga er i hovudsak i kyrkja og på Stedjetunet, men det vart også ein tur til kyrkjelydshytta. Hovudsamlingane er lagt til tre laurdagar og tre ettermiddagar/kveldar. I tillegg er konfirmantane med på minst 8 gudstenestar, og alle får prøva seg som medliturg minst ein gong.

Dei er også med i aktivitetsgrupper. Dette konfirmantåret var det samtale-, husfellesskaps-, danse-, og barnegospelgruppe. Me har også eit samarbeid med Basecamp, Sogndal Indremisjonsforsamling sin ungdomsklubb. Mange konfirmantar vel deltaking der som si aktivitetsgruppe.

I mars 2013 var det konfirmantnatt i Storhallen i Sogndal. Dette var for konfirmantar frå heile Indre Sogn og det er eit samarbeid med S og Fj. KFUM/K. Det var fotballturnering og nattmesse med lystening og nattverd.

Siste tysdagen før påske var konfirmantar og konfirmantforeldre med på soknerådet sin fasteaksjon, der det vart sett ny innsamlingsrekord (sjå anna stad i årsmeldinga). I tillegg bør det nemnast at konfirmantforeldre engasjerer seg i ulike frivillige dugnadsoppgåver gjennom konfirmantåret, og desse gjer også ein stor innsats. Etter konfirmasjonen våren 2013 inviterte vi konfirmantforeldre til å svare på nokre spørsmål om korleis konfirmantåret hadde blitt opplevd frå deira side. Det var mange fine tilbakemeldingar, noko som syner at også det å vere konfirmantforeldre er eit spesielt år som ein viktig del av kyrkjelyden. Dei frivillige leiarane som er med på dei ulike samlingane gjennom året betyr svært mykje for møtet konfirmantane får med kyrkja og kyrkjelyden.

c. Ungdomsarbeid

Ungdomsåret

Året 2013 hadde biskopen bestemt skulle vera eit ungdomsår i Bjørgvin. I Stedje kom dette til uttrykk gjennom gudstenester og leiartrening.

Gudstenester. Oppstarten av ungdomsåret vart særleg markert på gudsteneste 13. januar. Torsdag 28. november vart det feira Ung Messe i Stedje, ei kveldsgudsteneste av, for og med ungdom. Det var gode tilbakemeldingar på dette.

Leiartrening. Alle konfirmantane frå 2012 kullet vart invitert til å vera med på *Konfirmantnatta 2013*. Dei som møtte fekk ulike oppgåver under konfirmantnatta. Før *Pangstart*-leiren i august vart det gjennomført ein leiartrenings-leir for ungdom. Her fekk dei innføring og opplæring i kva det vil seia å vera med som leiar i kyrkjeleg barne- og ungdomsarbeid. Dei vart med vidare som hjelpeleiarar på *Pangstart*. Dette leiartreningsarbeidet involverer ungdom frå dei andre sokna i kommunen også, samt frå Luster. Frå Stedje møtte ingen.

d. Diakonalt arbeid

Gitte Therkelsen Torstad har 100 % stilling som soknediakon. Ein diakon skal leie kyrkjelyden si omsorgsteneste og ha gudstenestelege oppgåver og medansvar for å rekruttere, utruste og rettleie frivillige medarbeidarar (Tjenesteordning for diakonar, 2004). Stillinga er finansiert med 50 % løn frå bispedømet og 50 % frå fellesrådet - sistnemnde har arbeidsgjevaransvaret. Driftsutgifter vert støtta frå mellom anna sokneråda. Diakonen hadde studiedag kvar fredag knytt til Masterstudiet i Oslo, samt permisjon dei 6 vekene det var samlingar i Oslo. Vinteren i 2013 hadde Gitte kyrkjelydspraksis i Skjold menighet i Bergen, og i haust fire veker praksis på Haraldsplass diakonale sjukehus. Gitte avslutta arbeidsrettleinga i Bergen etter to års fullført opplegg.

Diakoniutvalet består av medlemmar frå alle fem sokna i fellesrådsområdet (sjå medlemmene annan stad i årsmeldinga). Diakonen har ikkje faste arbeidsoppgåver i Leikanger sokn. Utvalet drøfta 13 saker på tre møte i 2013. Drøftingane har særleg vore konsentrert om dei ulike aktivitetane som er i sokna. Besøkstenesta er opprettheldt, likeeins konfirmantarbeidet. Det vart sendt søknad til fylkeskommunen om midlar til å kjøpa utstyr for tolking i gudstenesta, der ventar me på svar. Det vart skipa til kyrkjelydstur med buss til Framfjorden og Vik i august månad. Det er notert nye idear med nye tilbod som må bli sett i samheng med sokneråda sine planar.

Nokre av diakonen sine oppgåver i 2013:

Konfirmantarbeid. Særleg ansvar for konfirmantar som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging og kontakt med foreldre deira. Noko undervisning. Er medleiar med faste planleggingsmøte og gjennomføring av konfirmantdagane. Tilrettelegging og planlegging av Fasteaksjonen når det gjeld logistikk og kontakt med konfirmantane og foreldra. Ansvar for foreldrevaktar på konfirmantnatta. Ansvar for «matdugnad» av foreldra på samlingane.

Sorgarbeid. Samtale og oppfølging til pårørende etter dødsfall. I høve sorgarbeidet har dette lide noko ved at Gitte var mykje borte i samband med studiet og i praksis i Bergen. Det har ikkje vore sorggruppe dette året. Gjennom året har diakonen hatt fleire sjelesorgsamtaler med menneske i ulike livssituasjonar.

Venneteneste/besøksteneste. Har gjennomført nokre fleire heimebesøk enn året før.

Rettleia studentar frå Zambia. To studentar frå Zambia, som tek eit år av sosialarbeidarutdanninga ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, hadde praksisperiode i februar og mars månad hjå soknediakonen.

Gudstenester og andaktar. Har vore ansvarleg og delteke på ulike gudstenester, helde andaktar på møte i kyrkjeringen, på Sogndal omsorgssenter, eldresenter og i Leighgota, samt skrive avisandaktar til Sogn Avis.

Undervist om sorg. Har undervist på Høgskulen i S og Fj. om born og sorg.

Norskundervisning i kyrkja. Har vore vertskap i kyrkja for innvandrarak som har fått opphald i Noreg og undervist dei om kyrkja og kyrkjelivet i bygda.

e. Kyrkjeringen

Kyrkjeringen – om lag ti kvinner og ti menn - støttar opp om arbeidet i kyrkja. Dei har hatt fire møter i 2013 og har samla inn pengar til handbroderte dåpsklutar frå Madagaskar. I 2014 ynskjer dei å skaffa eit veggteppe til kapellet. Mennene utførte sitt fyrste oppdrag med å rydda vekk skog i skråninga nedom kyrkja mot Fjøra (over Kyrkjebakken - vegen).

f. Friviljuge medhjelparar ved gudstenester og i anna arbeid

Det er mange som er med i arbeidet med gudstenestene. Me nemner kyrkjevertar, medliturgar, born, konfirmantar og kyrkjekaffikokarar. Andre tenester er mellom anna vask og pussing av messing i kyrkja, konfirmantarbeidet, trusoplæringsutvalet, venne/besøksteneste, andaktar på omsorgssenteret.

Andre verv

Representant i kyrkjeleg fellesråd: Birgit Kverme Johnsen

Vararepresentantar til fellesrådet i 2013: Ove Bukholm

Kasserar: Leif Arne Nordheim

Revisor: Jostein Flatland

Styret for Kyrkjelydshytta:

Formann Rolf Arvid Leirdal, Anne Kristin Gunvordal, Jon Flugheim og Karstein Bergheim.

Kontakt for Kirkens Nødhjelp: Kyrjekontoret v/Torunn E. Skjelbred.

Ansvarleg for kyrkjevertane: Kyrjekontoret v/Torunn E. Skjelbred.

Kyrkjekaffilistene: Birgit K. Johnsen.

Felles diakoniutval:

Gitte Th. Torstad (Diakon), Grete Tubbene (Stedje), May Kristel Bødal Nøttesjø (Kaupanger), Lovisa Alpen Ylvisaker (Norum), Marit Lunde Mundal (Fjærland), Sunniva Husabø (Leikanger). Vara: Marit Ellingsen, Solveig Nes, Norunn Finden Hellebø, Tordis Reinen og Berit C.Orheim.

Felles trusopplæringsutval:

Björg Tvetene Sæter (leiar), Oddrun Ugulsvik Myklebust (Leikanger), Tone S. Systad (Kaupanger), Birgit K. Johnsen (Stedje) og Guri Høstaker Nordheim (trusopplærer, i permisjon frå august 2013), Nils Einar Berget (vikar for trusopplærer).

Forstanderskapet Stedjetunet (frå Stedje sokn):

Marit Ellingsen (leiar), Leidvin Vangestad, Kjell Olav Høstaker Nordheim, Gøril Vikøren, Arne Flatland, vara Per Jarle Sætre.

Styret for stiftingi Stedjetunet:

Oddgeir Ugllum, Johannes Tubbene, Ove Bukholm, Wenche Torvanger, Gudrun Skjerdal.

Tilsette i kyrkja

Kyrkjetenar: Bente Leirdal

Organistar: Arild Slinde og Lars Einar Bakketeig

Diakon: Gitte Therkelsen Torstad

Kyrkjeverje: Jorunn Merete Haukås-Eide

Assisterande dagleg leiar: Magny Ugulsvik Bukholm

Sekretær/Prosteseekretær: Torunn E. Skjelbred

Trusopplærer: Guri Høstaker Nordheim (permisjon frå august 2013), vikar Nils Einar Berget.

Prestar: Fungerande prost og sokneprest Bård Haukedal til 1. oktober, prost Kjetil Nettland frå 25. august, sokneprest/prostiprest Kjell Sæter (60 %), og barne- og ungdomsprest Kjell Olav Høstaker Nordheim.

Oppgåver i 2014

Soknerådet vil nemna følgjande arbeidsoppgåver som særleg viktige i året som kjem:

Innsamling til restaurering av kyrkjeorgelet

Soknerådet arbeider aktivt for å få inn nok midlar til å setja i gong restaureringsarbeidet av orgelet i 2015. Så langt er det kome inn over ein million kroner, men arbeidet er kostnadsrekna til nær to millionar. Arbeidet med orgelet må gjerast av profesjonelle handverkarar og vil ta omlag fire månader. Sogndal kommune har også løyvd pengar. Soknerådet skal arrangera ein konsert med lokale utøvarar den 16. april der inntekta går uavkorta til dette. Me har også teke kontakt med over 80 bedrifter i kommunen og bedt om støtte.

Trusopplæring

Kyrkjelyden må støtta godt opp om aktivitetane som er sett i gong gjennom trusopplæringsplanen. Vikar som trusopplærar er Nils Einar Berget. Han gjer ein viktig jobb og treng fleire personar å støtta seg på i arbeidet. Me oppmodar friviljuge om å melda seg til Nils Einar eller kyrkjekontoret for å hjelpa til med små og store oppgåver.

Diakoni

Det er viktig at menneska omkring oss vert sett og møtt, og at alle kan finna sin plass i kyrkjelyden. Soknerådet ynskjer å minna om at me alle har eit ansvar om å bry oss og ta kontakt.

Evaluering av den nye gudstenesteordninga

Den nye gudstenesteordninga skal evaluerast hausten 2014. For å få ei så god ordning som mogeleg ynskjer soknerådet alle innspel og synspunkt velkomne.

Sluttord

Soknerådet vil til slutt uttrykkje ei varm takk til alle ein har eit samarbeid med, og til alle tilsette og frivillige medarbeidarar som har vore med og gjort ein innsats i kyrkjelyden i 2013. Me ynskjer at 2014 også skal verta eit godt år for kyrkja vår.

Stedje sokneråd, 26. mars 2014